

Desse møtte:

Ole Bakkebø	Landbruksdirektør i Hordaland
Odd Henning Midtbø	Masfjorden sau og geit
Gunnstein Sætre	Austrheim sau og geit
Ivar Soltveit	Radøy sau og geit
Jon Askeland	Radøy kommune
Reidar Kallestad	Lindås og Meland sau og geit
Ove Holmås	Lindås og Meland sau og geit
Anders Konglevoll	Lindås og Meland sau og geit

Målet med møtet er å kartleggja eventuelle nye muligheiter for sauedrifta i Nordhordland. Me ynskjer å auka produksjonen av kjøtt og samtidig auka beitetrykket i området vårt. Det er ynskjeleg å ha som målsetjing at fleire bønder i Nordhordland skal ha sauedrift som ein viktig del av inntektskjelda si i framtida.

Fylkesmannen si landbruksavdeling kan stilla med midlar over BU budsjettet. Det er størst muligheit å styrkja dei bruka som allereie er i drift i forhold til å få nye til å etablere seg.

Det er stor kamp om investeringsmidlane i Hordaland. Dette er i stor grad andre produksjonar enn sau som får i dag.

Det er mest sannsynlig at ei eller anna form for samarbeidsløysingar er den lettaste veien å gå for å auka produksjon og talet aktive bønder i nordhordland.

Kompetanseheving er nødvendig for å utvikla oss vidare og å få nye bønder til å tilegna seg kunnskap om moderne og rasjonell sauedrift.

Vinterlandbruksskule kunne vere eit godt alternativ til å heva kompetansen. Utfordringa er at dei som er aktive er i fullt arbeid og har ikkje tid til meir input.

Stifting av lokale beitelag kan vera ein måte å få fleire beitedyr i Nordhordland.

Me må henvenda oss til regionrådet for å få kontakt med politikarane og påverka dei slik at dei ser nytten av eit stort sauemiljø i Nordhordland .

Oppretting av Radiobjøllelag i Nordhordland kan vera ein god måte å organisera merking av dyra våre på , slik at flest mulig kan vera med å ha nytte av den teknologien som er tilgjengelig i dag.

Det burde vere sett i gong eit stort dyrkningsprosjekt i området. Dette først og fremst som nydyrking i form av alternative metodar som profilering og avskjeringsgrøfter, helst i store felles områder. Dette vil frigjera meir areal til vårbeiting og samtidig effektivisera slåttarbeidet betraktelig.

Det er einighet om at det aller beste hadde vore at alle me som bur i Nordhordland hadde beita i dei fjellbeita me har lokalt. Dette ser me på som ei umulig oppgåve slik situasjonen er i dag. I framtida vert det nok veldig viktig å sjå på løysingar der me samlar alle dei som vil sleppa dyra sine på fjellbeite i dei områda som er best egna både med tanke på beitekvalitet og ikkje minst arbeid ang. sanking og tilsyn.

Det må ny teknologi og fleire folk i fjellet i framtida for å oppnå dette.

Leiarane i dei 4 lokalesaualslaga samlast og lagar ei prosjektskisse for dei neste 3 åra.

Dette skal presenterast på årsmøta i sauelaga slik at årsmøta kan komma med innspel til prosjektskissa.

Det vert kalla inn til nytt møte i dette fora medio feb/mars for vidare avklaring om korleis me tek dette vidare.

Eit alternativ er å senda inn søknad om midlar til forprosjekt omgåande. Størrelsesorden 50 000,-.

Skal me få eit jamt trykk på nytenking og vidareutvikling av sauenevinga i framtida, ser me for oss at me må få tak i ein kreativ og engasjert person som kan jobbe med dette i ein 10-20% lønna stilling.

Skrivar Anders Konglevoll